



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 18.02.2015  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 17:00 - 19:50

Møtet vart styrt av ordførar Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 09.02.15 og møtet var kunngjort i pressa 10.12.14 og 11.02.15.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Lars L Barstad	V	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Atle Håtuft	FrP	Medlem
Ørjan Kristiansen	FrP	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Elna H Bjørndal	H	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Jorunn Signe Brakstad	H	Medlem
Ragnar Bratland	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Kåre Skibenes	KRF	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Morten Sakstad	SAM	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Magne Rifsgård	SP	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem

---

Atle Håtuft fekk permisjon frå kl. 19:20.

---

Av 27 medlemmer var 27 til stades ved handsaming av sak 05 – 08.

Av 27 medlemmer var 26 til stades ved handsaming av sak 09 – 14.

Kommunestyret hadde pause frå kl. 19:20 – 19:30.

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam og sektorsjef teknisk Anny Bastesen.

---

I starten av møtet innleia fylkesrådmann Rune Haugsdal sak Bompengesøknad for Norhordlandspakken.

Ordførar gjorde merksman på at møtet vert filma.

Protokollførar: Randi Hilland

19. februar 2015

Nils Marton Aadland  
ordførar

Randi Hilland  
konsulent

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
05/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
06/2015	Godkjenning av møtebok
07/2015	Referatsaker
08/2015	Bompengesøknad for Nordhordlandspakken
09/2015	Orientering om status kommunestruktur
10/2015	Delegering av mynde til valstyret
11/2015	Søknad om fritak frå vervet som meddommar i lagmannsretten
12/2015	Framlegg til nye satsar for festeavgift på kyrkjegarden
13/2015	Høyringsuttale til framlegg om å statleggjere den kommunale skatteoppkrevjarfunksjonen
14/2015	Klage - Områderegulering Frekhaug Sentrum - PlanID 125620100004

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033	14/4757

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
05/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Kommunestyret - 05/2015

#### KS - behandling:

#### KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033	14/4757

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
06/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

**Godkjenning av møtebok frå møte 17.12.14**

**Vedlegg:**

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

Møtebok frå møte 17.12.14 vert godkjent.

**Kommunestyret - 06/2015**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**

Møtebok frå møte 17.12.14 vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033	14/4757

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
07/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
07/2015.1	Lindås kommune og kommunereforma
07/2015.2	Sanksjon og ikrafttredelse av endringar i kommunelova og offentleglova
07/2015.3	Årsrapoprt 2014
07/2015.4	Årsregnskap - skatt 2014
07/2015.5	Møteutskrift frå møte 28.01.2015
07/2015.6	Årsmelding 2014 - Kontrollutvalet

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

#### Kommunestyret - 07/2015

#### KS - behandling:

#### KS - vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 202, FA - Q10, TI - &13	14/2157

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
04/2015	Kommunestyret	PS	21.01.2015
08/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

## Bompengesøknad for Nordhordlandspakken

### Vedlegg:

Uttale til fylkestingets vedtak i sak 90/2014 - Nordhordlandspakken

bompengesøknad for Nordhordlandspakken

fylkestingets vedtak

Presentasjon Nordhordlandspakken 12.01.15

Nordhordlandspakken

Bompengesøknad\_Nordhordlandspakken\_030314

2010084155-5-21

Vedtaksbrev - Nordhordlandspakken - Søknad om delvis bompengefinansiering

Nordhordlandspakken - Søknad om delvis bompengefinansieri(14435)

Bompengesøknad for Nordhordlandspakken - høyring etter fylkeskommunal handsaming

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

saka er godt kjend og har vore oppe fleire gangar seinast hausten 2014. Grunna nye innspel frå kommunane som dels er innarbeidd må sjølve søknaden ut til ny høyring i kommunane.

#### Vurdering

For sjølve saksutgreiinga viser vi til vedlegg frå Hordaland fylkeskommune og Statens Vegvesen.

Kommunane skal i denne runde sei ja eller nei til sjølve «Pakken». Det vert ikkje opna for nye innspel eller endringar i det skisserte opplegget.

Folkehelse: Betre utbygging av gang- og sykkelvegnettet vil kunne bidra til betre folkehelse.

Miljø: Auka trafikkisikring, trygge gang- og sykkelveggar, og eit effektivt vegnett vil ha positive miljømessige konsekvensar.

Økonomi: Isolert sett vert privatøkonomien påveka av at det vert innført bompengar. Om dette i fører til at pendlarar og andre reisande i større grad vel kollektivtransport eller gang/sykkel er vanskeleg å sei på noverande tidspunkt.

#### Konklusjon

Skal Meland kommune kunne realisere intensjonen kommuneplanen som er under

handsaming, og ei ynskt utbygging i alle deler av kommunen er vi avhengige betre vegstandar. Utan Nordhordlandspakken vert rekninga for betre vegstandar, tryggar veg og betre kommunikasjonsløysingar velta fullt over på potensiele utbyggjarar.

**Framlegg til vedtak:**

Meland kommune seier ja til Nordhordlandspakken slik den no ligg føre.

**Kommunestyret - 08/2015**

**KS - behandling:**

Det var på førehand varsla at fylkesrådmann Rune Haugsdal skulle innleia saka.

Sigmund Larsen, FrP stilte spørsmål om fylkesrådmann Rune Haugsdal sin habilitet i saka.

Det vart røyste over fylkesrådmann Rune Huagsdal sin habilitet.

**Avrøysting:**

**Fylkesrådmann Rune Haugsdal er inhabil i saka fekk 7 røyster for, (4 FrP, 1 V, 1 SP, 1 AP), 20 røyster mot, (6 H, 4 AP, 3 SP, 3, KrF, 2 SAM, 1 MDG, 1 V), og fall.**

Deretter hadde fylkesrådmann Rune Haugsdal eit innlegg i saka.

**Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak fekk 13 røyster for, (6 H, 3 SP, 1 AP, 3 KrF), 14 røyster mot, (4 FrP, 4 AP, 2 SAM, 2 V, 1 SP, 1 MDG), og fall.**

**KS - vedtak:**

Meland kommune seier nei til Nordhordlandspakken slik den no ligg føre.



# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ingvild Hjelmtveit	FE - 033	14/4757

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
09/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

## Orientering om status kommunestruktur

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

#### Kommunestyret - 09/2015

#### **KS - behandling:**

Rådmann Ingvild Hjelmtveit og ordførar Nils Marton Aadland orienterte.

- Fram til no har det stort sett vore rådmennen som har arbeidd med dette. Er i gang med framdriftsplan. Prsjektplan skal vedtakast i løpet av våren.
- Viktig å få etablert politisk styringsgruppe som skal gje tilbakemelding til rådmennene.
- Må gjere vedtak innan 2016. Naturleg at ein går i dialog med Radøy og Lindås kommune.

#### **KS - vedtak:**

Orienteringane vert tekne til etterretning.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 014, FE - 044	15/18

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
10/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

## Delegering av mynde til valstyret

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

*Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre* (vallova) § 4 regulerer valorgana i kommunen. Etter § 4-1 skal det vere eit valstyre i kvar kommune som vert vald av kommunestyret sjølv. I Meland vart valstyret sist vald i kommunestyremøtet 16.11.11, og organet er personidentisk med formannskapet.

Etter vallova kan kommunestyret delegerer til valstyret å avgjere kor mange røystekrinsar det skal vere i kommunen. Endring i røystekrinsar må meldast til folkeregisteret innan 31.mars i valåret. Kommunestyret kan også delegerer til valstyret å oppnemne røystestyre til kvar av krinsane. Eit røystestyre må ha minst 3 medlemmer. I praksis har valstyret i Meland hatt desse oppgåvene over mange valperiodar, men det har ikkje vore gjort noko formelt delegeringsvedtak i kommunestyret. Administrasjonen har difor vald å leggje fram ei sak om slik delegering for kommunestyret, slik at valstyret sine oppgåver når det gjeld røystekrinsar og røystestyre får den formelle forankringa som vallova krev.

#### Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

#### Miljø

Ikkje relevant i saka.

#### Økonomi

Ikkje relevant i saka

## Konklusjon

Administrasjonen vil rå til at kommunestyret gjer eit formelt delegeringsvedtak kva gjeld oppdeling i røystekrinsar og oppnemning av røystestyre.

## Framlegg til vedtak:

Kommunestyret delegerer til valstyret å avgjere kor mange røystekrinsar kommunen skal delast inn i. Kommunestyret delegerer også til valstyret å oppnemne røystestyre til kvar krins.

## **Kommunestyret - 10/2015**

### **KS - behandling:**

#### **KS - vedtak:**

Kommunestyret delegerer til valstyret å avgjøre kor mange røystekrinsar kommunen skal delast inn i. Kommunestyret delegerer også til valstyret å oppnemne røystestyre til kvar krins.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	HistSak - 11/1917, FA - X42, FE - 033	15/293

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
11/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

## Søknad om fritak frå vervet som meddommar i lagmannsretten

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunen har per 30.01.15 mottatt skriv fra Torill Alise Hjertås, Mongsedalen 14, 5918 Frekhaug, der ho ber om å bli fritatt frå vervet som meddommar i lagmannsretten. Søknaden er grunngeven med helsemessige tilhøve.

#### Vurdering

Utnefning av meddommarar til lagmannsretten er regulert i domstollova, kap. 4. Medlemmene vert vald av kommunestyret sjølv kvart 4. år, jf. § 66. Etter § 68 kan formannskapet m.a. avgjere søknader om fritak, dersom kommunestyret har tildelt denne oppgåva til formannskapet. I Meland ligg det ikkje føre eit slikt delegeringsvedtak, og administrasjonen har såleis funne det rett at sjølve søknaden om fritak vert handsama av kommunestyret. I samsvar med domstollova § 74 vil ein person kunne krevje seg fritatt for val dersom helsetilstand eller andre særlege grunnar tilseier det. Det vert då lagt til grunn at dette må gjelde også inne i ein valperiode.

Dersom fritak vert innvilga bør det haldast eit suppleringsval til utvalet av kvinner, jf., § 64, og av praktiske/tidsmessige årsaker vil det vere fornuftig at kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere dette suppleringsvalet.

#### Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

#### Miljø

Ikkje relevant i saka.

#### Økonomi

Ikkje relevant i saka.

#### Konklusjon

Med utgangspunkt i grunngevinga i søknaden og reglane i domstollova vil administrasjonen tilrå at Torill Alise Hjertås får innvilga fritak frå vervet som meddommar.

**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at Torill Alice Hjertås får fritak frå vervet som meddommar i lagmannsretten for resten av valperioden. Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere suppleringsval til utvalet for kvinner.

**Kommunestyret - 11/2015****KS - behandling:****KS - vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at Torill Alice Hjertås får fritak frå vervet som meddommar i lagmannsretten for resten av valperioden. Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere suppleringsval til utvalet for kvinner.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 231, FA - D41	14/4684

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
09/2015	Formannskapet	PS	21.01.2015
12/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

## Framlegg til nye satsar for festeavgift på kyrkjegarden

### Vedlegg:

Framlegg til nye satsar for festeavgift på kyrkjegarden

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland sokneråd vedtok 9.desember 2014 følgjande framlegg til nye festeavgifter på Meland kyrkjegard frå 2015:

Feste av grav pr år (inntil 60år) kr 300 pr år  
Feste av grav pr år (over 60 år) kr 600 pr år

Feste av særskild grav (reservasjon for dobbelgrav -20 år) kr 4000

Etter Gravferdslova § 21 skal kommunestyret fastsetje festeavgiftene etter forslag frå fellesrådet (=soknerådet i eittsokns-kommunar).

Askøy kommunestyre har vedtatt ei festeavgift frå i år på 500 pr år.

Kyrkjekontoret har lita bemanning og slit med kapasiteten til å ajurhalde grafredsregisteret. Dei skiv at kyrkjegardsadministrasjonen tek meir enn dei 20% stilling som vart nemnt i tenesteytingsavtalen frå 2010. Det kan lett dokumenterast at det går i snitt minst 2 dagar i veka, fordelt på to som jobbar med det – altså 40%.

Det bør absolutt vurderast å auke administrasjonen for kyrkjegarden. Dersom tilskotet frå kommunen ikkje vert auka, er auke i festeavgifta ein moglegheit for å løyse utfordringa på kort sikt. Vi syner ellers til vedlegget der argumentasjonen for å auka festeavgifta går fram.

## Vurdering

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

## Konklusjon

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek nye festeavgifter på Meland kyrkjegard frå 2015:

- Feste av grav pr år (inntil 60år) kr 300 pr år -
- Feste av grav pr år (over 60 år) kr 600 pr år - -
- Feste av særskild grav (reservasjon for dobbelgrav -20 år) kr 4000

### Formannskapet - 09/2015

#### FS - behandling:

#### FS - vedtak:

Kommunestyret vedtek nye festeavgifter på Meland kyrkjegard frå 2015:

- Feste av grav pr år (inntil 60år) kr 300 pr år
- Feste av grav pr år (over 60 år) kr 600 pr år
- Feste av særskild grav (reservasjon for dobbelgrav -20 år) kr 4000

### Kommunestyret - 12/2015

#### KS - behandling:

#### KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek nye festeavgifter på Meland kyrkjegard frå 2015:

- Feste av grav pr år (inntil 60år) kr 300 pr år
- Feste av grav pr år (over 60 år) kr 600 pr år
- Feste av særskild grav (reservasjon for dobbelgrav -20 år) kr 4000

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 203, TI - &13	15/228

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
19/2015	Formannskapet	PS	04.02.2015
13/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

## Høyringsuttale til framlegg om å statleggjere den kommunale skatteoppkrevjarfunksjonen

### Vedlegg:

Høring - overføring av skatteoppkrevinga til Skatteetaten

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Forslag om å statleggjere skatteoppkrevjarfunksjonen har vore oppe som sak ved fleire høve, men har aldri fått fleirtal i Stortinget. No vert det gjort eit nytt forsøk, og viser til høyringsbrev frå Finansdepartementet med uttalefrist 02. mars 2015.

#### Vurdering

Skatteoppkrevjarfunksjonen for Meland kommune er organisert som eit interkommunalt samarbeid mellom Lindås, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Funksjonen er likevel viktig for vår lokale økonomistyring, og skatteoppkrevjaren bidrar med viktig kompetanse inn mot økonomifunksjonen i samarbeidskommunane. Vår erfaring er at den lokale skatteoppkrevjaren fangar opp avvik frå forventa skatteinngang langt raskare enn ein klarer på nasjonalt plan. Dette gir oss høve til å justere drifta tidligare enn dersom vi måtte venta på dei offisielle justerte skattetal.

Vi meiner vidare at dagens kommunale løysing er den beste då den gir svært gode resultat og framstår som ei effektiv organisering. Statleggjering i tråd med den svært stramme skisserte tidsramma inneberer risiko for provenytnap, reduksjon av nødvendig kompetanse i vår kommune og eit uheldig personalløp med fare for tap av nøkkelpersonell. Vi vil elles peike på at spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er naturleg å handsama opp i mot kommunereformarbeidet.

#### Høyringsfrist: 02.03.2015

Finansdepartementets høyringsbrev:

[https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/Horing---Overforing-av-skatteoppkrevingen-til-Skatteetaten/id2342728/?regj\\_oss=10](https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/Horing---Overforing-av-skatteoppkrevingen-til-Skatteetaten/id2342728/?regj_oss=10)



## Fakta

Dagens organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen har ei løysningsgrad når det gjeld innkrevjingsarbeidet som ligger heilt i verdstoppen. Skatteoppkrevjarfunksjonen i samarbeidskommunane har tilsvarande ei svært god løysningsgrad, og vi er svært nøgd med arbeidet slik det vert utført.

Vi ser ingen grunn til å statleggjere skatteoppkrevjaren og har lita tru på at resultatata vil bli betre dersom desse oppgåvene vert utført på sentralt eller regionalt hald.

Lokal kunnskap og kjennskap til skattesubjekta er viktig i kampen mot svart økonomi, og kommunal kontrollinstans har ein klar preventiv effekt. Dersom funksjonen vert statleggjort og sentralisert vil avstanden mellom kontrollinstansen og kontrollsubjekta auke i vesentleg grad. Mange kommunar vil ikkje ha nokon kontrollinstans i det heile. Me ser auka avstand som ein betydeleg risikofaktor for økt svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

Forslaget om statleggjering kjem midt i kommunereforma. Eit uttalt mål i kommunereforma er å *«flytte makt og ansvar til større og mer robuste kommuner»*. Regjeringa sier den vil *«vise mer tillit til lokalpolitikere og gi kommunene mer handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.»* Å statleggjere skatteoppkrevjaren er derfor i strid med dei uttalte måla for kommunereforma.

Stortinget ga si tilslutning i Prop. 95 S (2013–2014) til retningslinjer for oppgåvefordeling mellom stat og kommunar. Departementet trekkjer særleg frem punkt 3, om at: *«oppgaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar»*. Dette er derfor i tråd med oppgave- og ansvarsfordelingen som skal vurderes i kommunereforma.» som eit argument for statleggjering no.

Fleire av dei andre prinsippa, for eksempel punkt 1: *«Oppgaver bør legges på lavest mulige effektive nivå.»* trekkjer imidlertid i den andre retninga og talar for fortsatt kommunal organisering. Samla sett er det lite ved skatteoppkrevjaren sine oppgåver som tilseier at dei, etter nemnde retningslinjer, fell utanfor dei områda som skal handsamast i kommunereforma. Forskotsordninga spesielt og skatteinnkrevjinga generelt er og bør være påverka av lokale- og lokalpolitiske forhold. Etter vårt syn er organiseringa av skatteoppkrevjaren ein naturleg del av den totale gjennomgangen av den samla oppgave- og ansvarsfordelinga mellom stat og kommunar i kommunereforma, og me meiner derfor det er uheldig å forsere ei avgjerd om dette no og tilrår at spørsmålet vert teke opp i ei samla handsaming i kommunereforma.

## Konklusjon

Meland kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016. Vi meiner at dagens løysing gjev dei beste resultatata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma. Framlegget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

**Framlegg til vedtak:**

Meland kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016. Vi meiner at dagens løysing gjev dei beste resultatata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma. Framlegget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

**Formannskapet - 19/2015****FS - behandling:****FS - vedtak:**

Meland kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016. Vi meiner at dagens løysing gjev dei beste resultatata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma. Framlegget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

**Kommunestyret - 13/2015****KS - behandling:****KS - vedtak:**

Meland kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016. Vi meiner at dagens løysing gjev dei beste resultatata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma. Framlegget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anne-Lise Næs Olsen	FA - L12	14/1181

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
08/2015	Utval for drift og utvikling	PS	27.01.2015
14/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

## Klage - Områderegulering Frekhaug Sentrum - PlanID 125620100004

### Vedlegg:

Merknad til planen

2015.01.12 Områdeplan Frekhaug Sentrum

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommunestyre godkjente 09.04.2014 områdeplan for Frekhaug sentrum i sak 25/2014.

Godkjenninga vart kunngjort med klagefrist 18.07.2014.

Det er kome klage frå Inger og Jan Skaar på vedtaket. Dei eig eigedom 23/10.

Klagen er motteken 08.09.2014. Klagarar fekk i e-post frå kommunen av 20.08.2014, utsett klagefrist

til 08.09.2014. og klagen er såleis innan klagefristen.

Under er klage referert som den vart lagt fram, og administrasjonen sine vurderingar følger.

#### Klage frå Inger og Jan Skaar:

Til fylkesmannen i Hordaland.

Me ikkje nøyg med saka om regulering for Frekhaug senter. Har sendt mangen innspill til planen før,

men høre aldri noke frå komunnen. Det føles frå oss som at me har ein frist men det er berre eit ledd i saksbehandlinga ka me meina blir ikkje tatt hensyn til.

Det er vel kansje ein plan med fyllmassane som er her på eigedomen ? som eg ser i planen. Var i eit møte med Nils Marton og Kristin må vera 2 år sida då skulle me bli godt ivaretatt om saka, det var det.

No har dette område på 23/10 vøre båndlagt i 40 år. Me hadde søknad inne og bygga vårt hus mot

gernsa mot senteret avslått ca-1975- No skal detta forsetta og berre sperra og privat område uten og ta hensyn til kva me meiner sjølv at me eig 14 mål av planen.

Ser at det skal vera sykkel og gangveg langs eigedomen vår mot sør, dette er uhørt .

Komunnen har

godkjent eit turkart som ein har tegna sida er vi plaga med heile skuleklassa med lærrare som går forbi, kjekt med at det går folk forbi og slår av ein prat det var det før.

Etter at den nye vegen kom med sykkel og gangveg blir både frukt og bætre ribba ikkje kjekt.

Var i kontakt med statensvegvesen dei ville ikkje påta seg og setta opp gjerde mot oss. Som me føle da no, er dette ein form offentlig-RAN. Så me ikkje kan gjera noko med.

#### Administrasjonen si vurdering:

Klagar har tidlegare come med merknad til planen og er såleis part i saka, og klagen vert å handsame.


Kommunen har gjennom planprosessen, sett av område til kyrkje/kulturhus på deler av eigedom 23/10. Dette har Kommunestyret vurdert fordi dei ynskjer eit signalbygg og ein portal i sentrale sentrumsområde på Frekhaug. Ein har jf. planskildring og konsekvensutgreiing, og tidleg i prosessen, hatt ynskjer om ei kyrkje som eit signalbygg for tettstaden.

Det er også vurdert trong for areal for offentleg formål, særleg innan helse, og det er eit kommunalt ansvar å leggje til rette for offentleg areal til framtidig bruk i pressområder.

Kommunestyret har også vurdert at tilhøva kring gangvegnettet i dag ikkje er godt nok, dette jf. tettstadanlyse frå 2009. Denne slår fast at gangvegnettet no er tungvint, og at sentrum har lite kontakt med omgjevnadane. Ein har søkt å finne betre løysingar på dette m.a. gjennom undersøkingar ang. barnetråkk. Dette som ledd i å styrkje barn og unge sine interesser i planlegginga, jf. RPR for born og unge.

Etter vurderingar, analyse og undersøkingar, så kom ein fram til ei forbetring som kommunestyret godkjente. Denne inneber at det er planlagt offentleg fortau, FT1, langs veggen sør på eigedom 23/10, og at det er planlagt gang/sykkelveg, GS2, langs eigedommen si austre grense. Desse vegane er del av ein samanhengande akse frå eksisterande bustader i nord, mellom dei nye sentrumskvartala, via gangareal sentralt i området, gjennom eksisterande trasé mellom bygga sør for det sentrale området og så fram til kyrkja og g/s-veg vidare sørover.


Utsnitt frå Områdeplan for Frekhaug sentrum.



Administrasjonen ser at klagarar sin eigedom vert råka av områdeplanen, og då særleg at

store delar av eigedommen vert regulert til offentlig eller privat tenesteyting. Dette er likevel i stor grad ei vidareføring av planformåla i tidlegare reguleringsplan, Frekhaug senter/vest, men med ei utviding.

Utsnitt frå tidlegare reguleringsplan, Frekhaug senter/vest.



Når det gjeld fortau FT1, så vil framtidig fortau etter administrasjonen sitt syn ikkje medføre store endringar for bruken. Dette då funksjonen jf. barnetråkk, allereie i stor grad er i bruk i dag. Framføringa av FT1 vil likevel ta ein del av eigedommen.

Når det gjeld planlagt gang/sykkelveg, GS2, så syner barnetråkk at delar av denne også allereie er i bruk, og at born går langs austgrensa av eigedom 23/10, for så å krysse over eigedommen og opp til eksisterande g/s-veg langs fv 564. Framføring av GS2 vil etter administrasjonene sitt syn generere meir gangtrafikk langs eigedommen, og ta ein del av eigedommen.

Utsnitt frå temakart barnetråkk.



Samla så lyt administrasjonen vurdere ulempene for klagarar opp imot dei samfunnsmessige fordelane som ligg i at planlagte formålsendingar er offentlege og samfunnsnyttige.

Klagar sin eigedom ligg sentralt og nært Frekhaug som kommunesenter i Meland kommune. Meland kommune er i stor vekst og bør difor utvikle gode og identitesskapande kvalitetar som gjeld allmenne og publikumsretta funksjonar og aktivitetar. Kommunen lyt sikre viktige funksjonar slik at me i framtida frå ei funksjonell, estetisk og harmonisk utvikling i kommunen vår, der ein også tek omsyn til nasjonale mål og rikspolitiske retningslinjer.

Målet med reguleringsplanen som her er godkjent, er å vidareutvikle og styrkje Frekhaug som kommunesenter. Dette vert her m.a. gjort ved å leggje til rette for servicetilbod og sentrumsfunksjonar, samt å betre gangvegnettlet slik at sentrum får betre kontakt med omgjevnadane kring.

Dette er det ikkje mogeleg å få til utan at noko areal i sentrumsområde må omdisponerast.

Administrasjonen vurderer at ein har balansert interessene godt gjennom planprosessen, der ein har lagt vekt på å forbetre Frekhaug som kommunesenter. Ein har også gjort endingar i tråd med nasjonale mål og rikspolitiske retningslinjer. Det er store samfunnsnyttige fordelar ved å omdisponere areal slik ein har gjort i områdeplanen, både ved å leggje til rette for auka aktivitet i sentrum, og å leggje til rette for lettare kontakt mellom sentrum og omgjevnadane.

Administrasjonen rår etter dette, ikkje til at ein skal gje klagarar medhald i klagen.

### **Konklusjon**

Administrasjonen rår til at klage frå naboar på Områdeplan for Frekhaug sentrum, ikkje vert teken til følgje. Dette fordi klagen ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at godkjenning av Kommunestyret sak 25/2014 kan gjerast om. Motstridande interesser er allereie godt balansert gjennom planprosessen, ein har lagt vekt på å forbetre Frekhaug som kommunesenter, og ein har gjort endingar i tråd med nasjonale mål og rikspolitiske retningslinjer.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret finn at motteken klage dagsett 8.9.2014 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at godkjenning av 9.4.2014 i Kommunestyret sak 25/2014 kan gjerast om. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til sakutgreiinga og vurderinga over som grunnlag forvedtaket. Saka vert på denne bakgrunn sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd, jf pbl §§ 12-12 og 1-9.»

**Utval for drift og utvikling - 08/2015****UDU - behandling:****UDU - vedtak:**

«Kommunestyret finn at motteken klage dagsett 8.9.2014 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at godkjenning av 9.4.2014 i Kommunestyret sak 25/2014 kan gjerast om. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til sakutgreiinga og vurderinga over som grunnlag forvedtaket. Saka vert på denne bakgrunn sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd, jf pbl §§ 12-12 og 1-9.»

**Kommunestyret - 14/2015****KS - behandling:****KS - vedtak:**

Kommunestyret finn at motteken klage dagsett 8.9.2014 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at godkjenning av 9.4.2014 i Kommunestyret sak 25/2014 kan gjerast om. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til sakutgreiinga og vurderinga over som grunnlag forvedtaket. Saka vert på denne bakgrunn sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd, jf pbl §§ 12-12 og 1-9.